

Medlemmar i Samarbeidsutvalet

**Ikkje publiser
IP**

Dykkar ref.

Vår ref.
20/16260-7Dato:
20.04.2022**Referat møte i samarbeidsutvalet**

Møte nr.:	2
Møtedato/Tid:	20.04.2022 klokka 18.00
Stad:	Sund ungdomsskule, personalrommet
Tilstades:	Jimmy Håkonsund, leiar Jørgen Kausland, politisk representant Oskar, leiar i elevrådet Johannes Ågotnes, nestleiar i elevrådet Rigmor Bråten, representant lararar Gro Hege Eidesund, representant andre tilsette Sølvi Fjeld Bjørøy, rektor

SAKSLISTE

Sak nr.	Tema
6/21-22	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkalling og saksliste godkjendte . Referat er også godkjendte
	<u>Informasjon frå elevrådsleiarar</u> Ball 5.mai : Elevrådet og Mot er godt i gong med arbeidet med dett Vil fleire aktivitetar ute: ønskjer å handle inn utstyr til aktivitetsboda, t.d. pingpong, ballar, amerikansk fotballar. Det bør skje snarast mogleg. Elevrådet styrer handling og rydding. Til no har vi elevstyrt aktivitet i gymsal. Ønskjer meir ope musikkrom og dans på motrommet styrt av elevråd og Mot.
7/21-22	<u>Informasjon frå rektor</u>

	<p>Skuletur for 10. trinn: Kvar skule har bedt om egne anbod og fått ulike tilbod. Alle skulane reiser denne våren, men til ulike tider.</p> <p>Eksamen: Det blir ikkje munnleg eller skriftleg eksamen i år. Skuln vil likevel ha prøvemunnleg, slik at elevane får øve på denne situasjonen.</p> <p>Korona og oppmøte: Det er for tida bra oppmøte av elevar og tilsette.</p> <p>Prosjektveke. Den går over fire dagar. Blir oppsykka grunna tidspunktet vi fekk på Panorama, pinse og planlegging. Framsyning onsdag 8. juni på Panorama. Det blir planleggingsdag og avspasering i etterkant, 9. og 10. juni.</p> <p>Mot- møter med elevar og føresette på 9. trinn: Det blir obligatoriske Mot- møter. Obligatorisk mot-møte 26. og 27. april og 3. og 4. mai.</p> <p>Informasjon om Jod: Det er sendt ut informasjon med samtykkeskjema til alle føresette i Transponder. Informasjonen er laga sentralt og er felles for alle i kommunen.</p>
<p>8/21-22</p>	<p><u>Informasjon frå Fau</u> Stoda kring manglande tilbod frå Helsesjukepleiar: Fau skriv eit skriv der dei følgjer opp det elevrådet skreiv.</p> <p>Trygg skuleveg: Det blei sendt mail til kommunedirektør februar med oppfordring om å søke til Trygg trafikk. Denne blei send vidare til rett eining, men har ikkje høyrte noko etter det. Strekket mellom Skulen og Vorland var ikkje på nasjonal trafikkplan.</p> <p>Skulebussane: Hnår det gjeld bussane til og frå Haganes, har det vore mykje venting og bussne har heller ikkje kome og gått slik dei skal. Det har blitt sendt eit brev til Skyss. Ventetida ligg innanfor det den skal. Håpar på det blir betre til hausten, då det er fleire elevar som skal reise denne vegen.</p> <p>Buss og elevåtferd: Vi har fått gjentatte klager frå Skyss på elevar på den eine bussen. Det er sjåførar som ikkje ønskjer å køyre denne ruta. Skulen vurderer kontinuerleg tiltak.</p> <p>Årshjul for aktivitet: Dette er godkjend og skal publiserast på nettsida under Fau.</p> <p>Kapasitet strandahall : Det er sendt inn eit innspel til samfunnsplanen. Det kan bli vanskeleg å få dette igjennom, då ligg bak på prioriteringslista i forhold til Fjell. Der er behovet større. Vi må likevel halde fram med arbeidet kring dette. Det vil også bli ei elevauke, noko som gjer behovet for hall og fleire spesialrom større.</p>
<p>9/21-22</p>	<p><u>Budsjett og ressursar 2022</u> Vi har hatt eit stort overforbruk i år. Dette skuldast fleire elevar som treng mykje tilrettelegging og kjøp av tenester. I tillegg har elevauke ført til innkjøp av diverse utstyr som pultar og stolar. Vi har også hatt eit større sjukefråvere og difor høgar utgifter til vikar. runna e levar med spesielle behov og kjøp av tenester.</p> <p>Dette overforbruket, fører til at vi må ta ned ressursar og spare til hausten. Det vil bli meldt inn auka behov, og prøve å få dette med i revidert budsjett. Slik den økonomiske situasjonen er i Øygarden kommune no, blir det vanskeleg å få meir midlar.</p>

10/21-22	Eventuelt andre saker Ordensreglar klar til gjennomgang og vedtak neste møte. Etter Fau møtet 23.mai. (Dette blei utsett då det blei møte med føresette på 10. trinn i samband med vitnemålsutdelinga etter Fau-møtet.)

Med helsing

Sølvi Fjeld Bjørøy

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur